

Gunnar Hallvard Ulla

SÆRARBEID OM

FRÅFLYTTINGSBYGDA "ULLA"

AV

GUTTORM ULLA
GUNNAR STANDAL

1975

Ulla var innen vei i morgens. Vi på skolen i
fra fjellene over.

Knut Hallvard Ulla
Djupdalsvegen 2 A
6400 Molde
Tlf. 71 25 76 72

ULLA



Før vi går i gang med sjølv oppgåva, vil vi vise ein del bilde som kan gjøre leseren kjend med bygda. Dette er eit oversynsbilete som viser bygda sett utanfrå og innover. Husa nærmast er "Garden" der gardbruka ligg. Bak ligg Ullahammaren.

1. Her låg gamletunet. (No: Ingelgarden og Mettegarden (fjælytt) og Kanisaren (rav))
2. Ullaholsta gardshus. Sjur, Jo, Lars, Negard, Mette, Heli)
3. Ullahammaren
4. Longva
5. Skulehus
6. Mot bua som går via Ullaholmen til Flem. (Nordover)
7. Mot Husnes. (Lydover)




1. Ingeli vanningshus
 2. - - torvsiå
 3. - - lue
 4. - - stabbur
 5. Mette vanningshus.
 (Bur ikke folk nr)




10. Negardhuset 11. Malitunet 12. Nye Melletunet (huset ikke med på bildet).

1. Ingelitunet
2. Karihuset (løa er riven)
3. Melletunet. Vanningshuset står, lø og torvsiå er det restar av.
4. Gamle barsloa
5. Skulehuset
6. Nausta
7. Jotunet
8. Barshuset
9. Lars og Negard, kombinert fjøs.
13. Ullaholmen.




Modell av det gamle Ullatur
(a) byggt etter jordskiftekartet

1. Ingelihaus, stabbur og torv
2. som står inne.
3. mot sjøen
4. mot fjellet.




- | | | |
|---|---|--------|
| H | - | Sjur |
| M | - | Jo |
| P | - | Negard |
| A | - | Mette |
| O | - | Mali |
| J | - | Kari |
| G | - | Ingeli |
| K | - | Lars. |

Uflyttinga fra gamletunet skjedde
fra 1990 til vel 1960.



Modell av Ullanausta byggt etter jordskippekset (b).

1. mot brua (nord)
2. mot Garden
3. bålstoer.




Ei stormnatt i 1972 var naustrekja ramponert av vannet. Fleire av nausta ~~ble~~ mindre skadar, medan andre var totalvrak.



Med pengehjelp fra Norsk Kulturfond har nausta blitt restaurert, og arbeidet var ferdig i 1975.

Her nokre bilek fra restaurerings- og oppattbygg arbeidet.



1. Flem
2. Ullaholmen
3. Ula bru





ULLAHAMMAREN

- a) Jordskiftekart
 1. mot "Garden"
 2. mot fjellet
 3. mot Austnes
- b) 1. "Garden"
 2. Sjøbudene stod hele vegen langs med her. Berre 2 att
 3. Butikk til Knut Åkre.
- c) x - nye hus bygde etter 1950.
 1 - feriekostader no.
- Bileket er tatt fra Ullanausby
 b er tatt fra moloen til Flems
- d) tatt fra "Vålen"
 1. B. V. Ulla drev handel her
 2. Ingabrigtsstova - første huset som var vart byggt i Hammar
 ' = Berre feriekus no.
- e) sett fra Håneset.
- f) "Vålen" Her stod vorbuder med sjøen.
- g) fra Flemsmoloen.

ULLA FYR



a

- a) 1) Det gamle fyrtuset i Vålu
2) Ullahammaren.



b

4

b) Kvernholmen.

1. Fyrtuset

2. Bustadhús for fyrvaktar

3. syd

4. nord.

25. januar 1874 vart lampen for første gong tænd på Ulla fyr på Kvernholmen. Tårnet slo 26 m over havet, og det varo straks mykje tryggare å ferdaast på havet. 1878-1879 viser dativer da det vart skrive meyle for staten om kjøp av Kvernholmen. I 1929 fekk fyret elektrisk kraft. 1944 vart han skolen i brann, men ein mellomverds fyr vart bygd i


den noverande Ulla fyr vart leiken i bruk 20.9.-1950. Pengane bøndene fekk for Kvernholmen brukte dei til å bygge skulehus (1886).



c

- c) Bilete teke frå molsen til Flem.
1. Ulla fyr
2. Vaktbytte bygd under krigen.
3. Ullanaustra.

d



d

- d) 1) Elveos
2) Gamle Ullahamn
3) Ullanaustra
4) Tarefjøre

SISTJELLESK FRALISTELLElse AV EIGEDOMSLIKA PÅ ULLA:

Bronsealderen	Jamolden	Folkevandringsåra	Tin, r.e.
2500 fkr	500 fkr	400 ekr	600 ekr
gøt verlag, innflytting, jord bruk, veidning, fiske.	dårlig verlag, fråflytting, nokre vart att - veidning jordbruk - land	better klasse, inn- flytting n/vippe, reisekap	
jamalder	Lendmannatida		
750	Vikingtida	1000	1650
Gravhaugar, ætttekjensle, vikingesamf. Hovding, odelsrett/assetrettsrett, hersar under kongen, jordsanling n/våpenmalt	sjølveige, bøndene mindre markt, vikinghovdingene kjøpte jord,	Godsseierar, kyrkje, prestebol, kloster, krona.	Leielandningar under ulike elitarar. Dei nye eiendomme var privilegerte Storeggjeld
Dansketida			
1767	1800	1814	1849
Oppkjøp Leiellendingane kjøpte Gardane sine i Lars, Hall, Kari og Sjur. Mali måtte selje att i 1795 til Naramskyrtja. Fengane fekk dei fra fiske, særlig Storeggjeldet.	Handel i Ulla- hamaren.	Ganiletunet braut og vart bygd opp att på same staden.	Dei andre garðane vart kjøpte.
		1870	1880
		1904	1904

DEN ELDSTE TIDA.

Av funn som er gjorde, veit vi at det budde folk på Ulla alt i Bronsealderen. Om namnet Ulla er så gammalt, er uvisst. Iså fall må same folkerasen ha budd her heile tida. Truleg er namnet yngre (ca. 400 eKr). Den første tida budde det også folk på Ullaholmen. Desse første innbyggjarane levde mykje av fangst og fiske, men gardsbruket var alt då utvilkla. Frå 2500 fKr til 500 fKr var verlaget svært godt, truleg betre enn no, og då var sikkert levekåra gode for folket langs kysten her. Øyane var truleg skogkledde, og ein må rekne med at det var mykje liv både på sjø og land. Det var såleis gode tilhøve for veiding. Samtidig var det oppgangstider i sør. Våpen og reiskap av bronse vart utvikla, men det tok si tid før ein fekk slike her nord. Dessutan var det berre rik-folk som kunne unne seg slik luksus. Frå denne tida har ein funne ei bronseøks og ei bronsekole på Ulla. Innflyttarar utanfrå eigna til seg mest all jor da her, og ein byrja å få ein standsskilnad. Innflyttarane hadde med seg buskap og hadde greie på handel, og kom difor til å danne ei jordeigande overklasse. Om lag 500 fKr vart verlaget dårlegare. Dette skjedde smått om senn, og tida framettertil ca. 400 eKr vert kalla jarnalderen. Dette var ei dårleg tid her nord. Klimaet var for dårleg for jordbruk, og ein reknar med at mange flytta sørover. Men sjølv om det er lite funn frå denne tida, reknar fagfolka med at her budde folk denne tida og. Her var framleis vilt, og folket kunne leve av veiding. Men mangelen på funn tyder på at folket må ha vore svært fattig.

Tida 400 - 600 eKr vert kalla folkevandringstida. Klimaet vart etter kvart betre att, og folk kom flyttande frå sør for å finne seg bustad her nord. Namnet Ulla er truleg frå denne tida. Tilflyttarane hadde våpen og reiskap av jarn, og var overlegne overfor dei som budde her før. Innflyttarane la under seg heile Vestlandet. Dei var truleg vestgermanske, og hadde vesteuropeisk kultur. Dei kom med nye seder og skikkar, og truleg også med nytt språk og ny gudstru. Dei var og dugande handelsfolk og jorddyrkunar og blei ei stormannsklasse. Dei som var mest dugande i strid og handel, vart jordeigarar. Desse vart hovdingar, også kalla ødelsbonder eller hauldar. Resten vart leiglendingar, tenerar og trølar. Ein har fått ei overklasse og ei meir talrik underklasse.

Tida 600 - 1000 eKr vert kalla yngre jarnalder. Frå denne tida finn ein mange gravhaugar. Ettekjensla vert svært sterkt, og på det rettslege og kulturelle området vert vikingesamfunnet innarbeidt.

Vikingtida (750 - 1000)

Jarnet vart avant viktig som dei endringane som no hadde skjedd. Jarnet vart nytta til å lage våpen og reiskap av. Dei som åtte mest, kunne først skaffe seg slikt, og styrka såleis makt si endå meir. Det var hovdingane eller hersane som dei og vart kalla, som vart den sterke klassa i folket. Jorddeigaren sjølv dreiv illige jorda. Han dreiv med handel og litt handverk. Det gav han status å vere ein god handverkar, og dei fleste var duogene smidrar. Leigefolk og trular måtte ta seg av jordbruks og fiske. Sjømannsskap og båtbyggjarkunst var utrolig godt utvikla, og var grunnlaget for vikingferdene. Frå først av var dette reine hovartoktene, men etter kvart vart det og drivs ein del handel.

Tuna vart bygde i klyngjer, og ofte hadde ei ødelsætt sameige om slikt som fiske, vogn, dros, torvmark, tare og tang. Ødelsretten var slikt at ein kunne erve heilt ut i femte leidien. Dette vart brukt av rikfolk til å slå til seg jord etter frendane sine. Korleis dette gjekk føre seg, kan ein tenke seg når ein veit at ein av dei som åtte nest i Haran, heitte Holmgangs-Skegge. Minste retten som fanst, var våpenretten. Kåre hin gamle på Haran åtte truleg mest i vårt distrikt. Men hovdingane åtte illige all jorda. Omlag 50 % var truleg ått av mindre bønder.

Det var truleg berre eitt bruk på kvar gard denne tida. På eit slikt bruk kunne det lu om lag 10 personar. Etter at vi fekk riksskipnad ikking år 900, minka hovdingane og bøndene si nakt noko, og folket fekk plikter til staten. Dette merka dei i første omgang i leidangsplikta. Haran med omlag 1000 menneske og 200 våpenføre menn vart eit skipreide. I alt var det 16 slike skipreide på Sunnmøre. Bøndene måtte halde både skip, folk, mat og utstyr klare i tilfelle ufred.

Lendmannstida (1000 - 1300)

I vikingsamfunnet hadde hovdingane og bøndene stor makt saman med kongemakta. Kongemakta hadde därlege administrasjons og kontrollorgan til styrkjing av eiga makt. Jarlar, hersar og syslemenn var ikkje interesserte i auka sentralmakt. Dei var tvert om konkurrentane til kongen. Lendmannsättene som hadde oppstått fordi lendmannsembetet hadde blitt eit erveleg fødsesaristokrati, overtok hovdingane sin posisjon som lokal makthavar. I vårt distrikt dominerte Blindhe heimsätta og Giskeätta. Rundt 1100 kom borgarkrigane. Kong Sverre kom til makta og han knuste lendmannsaristokratiet og la grunnlaget til eit kongetru administrasjonsapparat. Kongemakta hadde signa over stormennene. Men det vil ikkje seie at vi feldt like forhold for folët. Dei lågare lag av folket var heile tida undertrykte. Skifte av under-

trykkjorar betra lite på kvar dei var. Skilnaden no var berre at jordeigarane no samarbeidde med kongen i staden for å konkurrere med han. Den aukande kongemakta førde til høgare skattar. Dette fall på bøndene då overklassa var beskytta av privilegium. Pengane vart brukte til å byggje opp administrasjonsapparatet og til å byggje ut ei militærmakt. Leidangen vart avskaffa og i staden fekk ein ein fast leidangsskatt. Kongen fekk profesjonell hær og dermed endå ~~mer~~ sterke grep på bøndene. Skattane vart betalte med produkta frå drifta på garden. Slo fisket eller avlinga feil, var det vanskeleg å klare dei stadig aukande skattane. Bøndene måtte setje seg i lån, og mang e kom såleis inn i ein vond sirkel. Dei som overtok var rikfolk, kyrkjja, krona og kloster gods.

Tida rundt 1200 vart kalla stordomstid av di Noreg vaks i rikdom og makt og hadde eit blismande liv. Men dette vart dei få til gode. Dei som betalte rekringa, mellom dei cyfolket i Haram, fekk lite føling med stordommen. Dei hadde nok med å overleve og klare dei stadig aukande skattebyrdene.

Dansketida.

Ei gruppe som fekk meir å seie etter 1300, var dei geistlege. Kyrkjja fekk jordegods, og vart ein av dei største jordeigarane i Noreg. Prestane levde av tienda som dei fekk i sokna si, men mange prestar fungerte og som godseigarar. På denne tida var det økonomisk nedgang i landet, og særleg etter Svartedauden var det harde tider. Skattane vart no reint urimelege. Det var faktisk lettare å klare seg som leiglending enn som sjølveigar, og både no og tidlegare når skattane vart vanskelege å svare, selde mange bønder gardane sine til dei privilegerte. I 1580 var eigedomstilhøva på Ulla slik: Giskegodset 4 1/2 våg, Haramskyrkja 2 vågar, Krona 1 1/2 våg og Elgsæther Kloster 2 2/3 våg.

Rundt 1500 vart det betre tider, og det vart kamp om jordegods. Kornprissane steig, og handel og skipsfart blomstra (tømmer). Men handelen kom snart i hendene på ein ny utbyttar - Hansaen. Hansaen fekk etter kvart kontrollen over handelen, og kjøpte billeg og selde dyrt. Dette gjekk særleg ut over fisket. Fisket var likevel konkuransedugande fram til 1600, og var ei viktig inntektskjelde for kystfolket. Men etter 1600 vart konkurransen hardare, og prisane sakk mykje. Samstundes kom Danmark/Noreg med i krig noko som førte til auka skattar. Krigen vart tapt og før å betale krigsgjelda vart det nye, tunge skattar. Det viktigaste fisket før 1650 var vinter-torskefisket som vart drive langs kysten. Etter 1650 kom sommarfisket på Storegga i tillegg. Ein rekner med at naustrekka på Ulla er frå

denne tida, og omlag 100 år seinare fekk folk frå fastlandet lov av jorddeigarane til å setje opp rorbuder i Vålen innanfor Ullahammaren.

I denne tida då vanleg folk i Noreg hadde svært tunge kår, var likevel folk i Haram ikkje verst ute. Fisket hjelpte godt til i trange tider. Dette kan ein sjå bl.a. på at det ikkje var så mykje oppstand her som andre stader når folk hadde det som verst. I 1660 var det slik eigedomsfordeling på Ulla: Giskegodset 6 vågar 1/2 pund, Haram kyrkje 2 vågar 18 mørkr, Roald kyrkje 1/2 våg, Borgund prestebol 1 våg, Magister Peder i Bergen 3 vågar 1 pund, Henning Hansen 1 våg.

Framover mot 1800 vart det betre tider. Det gjaldt ikkje berre økonomisk, men opplysninga vart betre mellom folk. Dette ser vi i sokneprest Abelseth sitt sjeleregister fra 1766. Denne særmerkte presten reiste rundt i bygdene og teikna ned kva folk kunne og kva bøker dei las. Vi merkar oss skilnaden i opplysning mellom gardsfolket og tenestefolket. Opplysningsstanden synest svært god på Ulla, men av bøkene som finst finn vi at det religiøse dominerte. Det ser ut som at kunnskapane var meir baserte på pugg enn på forståing.

Året etter, i 1767, hende noko svært viktig for bygda. På fire av gardane kjøpte leiglendingane att jorda si. Det var Aagne Eriksen Ulla i Larsgarden, Jesper Jespersen Ulla og sonen Knut Jespersen Ulla i Maligarden, Tore Jespersen Ulla i Karigarden og Sjur Pedersen Ulla i Sjungardha. Det var uvanleg at leiglendingane kjøpte att gardane sine så tidleg som desse fire på Ulla. Men ein kan godt seie at det var litt spesielle tilhøve som gjorde det mogeleg og. Det var presten Hiorth som åtte desse gardane, men så døydde han ein gong i 1750 åra. Søstra til Hiorth var gift med tolloppsynsmann Preus, og dei ertyde eigedommane på Ulla. Preus sette så eigedommane til auksjon i 1767, og leiglendingane kjøpte. Kva som kan vere grunnen til at Preus selde, er uvist. Kanskje hadde han ikkje interesse av å styre alt dette, kanskje var det press frå leiglendingane som sat på gardane. I følgje sjeleregisteret til sokneprest Abelseth var dei som sat på gardane godt opplyste folk, og etter 1750 hadde dei skaffa seg god økonomi på grunn av gode tider i fiskeriet. Særleg gjorde Storeggfisket mykje av seg. Dei gjorde opp til 12 turar på sommaren, og kvar tur kunne vare opp til ei veke. Vintertorskefisket var meir varierande. I alle fall selde Preus, og vilkåra han sette var ikkje lette. For gardane nedrekna Ullaholmen måtte kjøperane betale heile summen på vel 900 riksdaler kontant innan 6 veker. (Lars 227 rd, Mali 314rd, Kari 227 rd, Sjur 140 rd.) Dessutan måtte kvar gard plikte seg til å hyse 8 mann i vintertorske fiskja, og Preus ville og ha rett til

“sette opp hus med eldstad og fiskehjellar på ”kontil egnede stede:” Dei som no var blitt sjølveigande bønder klarte å drive og halde gardane sine med unntak av Haligarden som måtte selje til Haranskyrkja i 1793.

Haligarden og dei andre som ikkje var sjølveigde, vart kjøpte opp av leiglendingane i 1870 åra, hundreåret etter dei første. I Nettegarden var det likevel ikkje full sjølveige, fordi Vigrakyrkja hadde halvparten heilt fram til 1904. Som nemnt tidlegare gjekk Ullaholmen med i det kjøpet som dei fire gardane gjorde i 1767. Men dei andre gardane fekk likevel bruksrett på holmen, og etter jordskiftet i 1880 åra, fekk dei og eigedom der. Men dei som hadde kjøpt først fekk største stykka. Etter mange hundre år med utbytting og leiglendingstatus vart bøndene sjølveigarar.

SÆTREKK VID HARAM I 1850 -60 ÅRÅ.

I 1856 gjorde Eilert Sundt ei reise blant anna for å finne ut om det var nokon samanheng mellom yrkessituasjon og sedelegeheitssituasjonen. På denne reisa kom han til Haram, og i boka "Harham. Et eksempel fra fiskeridistrikterne." får vi mange opplysningar som fortel om livet her ute på denne tida.

Stein Ugenvik Larsen har i ei innleiing til boka ein kommentar til Eilert Sundt sin vitskaplege metode, og ein analyse av "Harham". Stein Ugenvik Larsen forklarar sosiale endringar og endringar i folkelivet ut ifrå noko han kallar Politisk autoritet. Det blir definert som "den makt en person eller et organ har over andre", og blir ~~im~~ brukta ved at ein eller fleire får nokre til å gjere noko dei ellers ikkje ville ha gjort. I følgje Sundt blir avgjerdene i Haram ofte ~~ikke~~ teknar ~~ikke~~ som utslag av skikk og bruk eller av fellesrådsslagnigar mellom bøndene. Det er ikkje nokon einskildperson som styrer, og det er heller ingen grupper som avgjer det som skal skje. I arbeid både på sjø og land er det gamle hevdvunne skikkjar som rår for arbeidsordning og utrustning og for tilhøvet tenestefolk - bønder. Politisk autoritet i Haram er altså bestemt av det systemet som handlingane og leveviset avspeila. Stein Ugenvik Larsen meiner å kunne fastslå ut ifrå Sundt sine skildringar at den politiske autoriteten her var svært streng. Med dette meiner han ikkje at ein eller fleire personar sit med mesteparten av makta, men at reglane for kva som blir venta av ein person gjev lite rom for individuelle avvik. Folkelivet og tradisjonane, dei hevdvunne reglane for kva som sommer seg hadde i følgje denne analysen stor innverknad på folket her ute i denne tida.

Det vil føre for vidt å gå inn på årsakene til og verkmadene av denne politiske autoriteten her.

I tillegg til denne indre sjølvregulerende politiske funksjonen, var folk i Haram på denne tida politisk interesserte i kommunal og rikspolitikken. Dette viser statistikkane for deltaking i stortingsval. I 1882 til dømes ligg valdeltakinga i Haram 20 % over landsgjennomsnittet, og ca. 10 % over gjennomsnittet i Høre og Romsdal. Årsaka til dette blir antyda i boka. Dei sterkt regelbundne bøndene i Haram følte det som ei plikt å delta i val, og så vart dette innarbeidt som ein ny tradisjon ~~med~~ der alle tok del sin vane tru. Ein kan vel og seie at dette også er eit utslag av den strenge politiske autoriteten.

Det var uvanlege tilhøve for tenestefolket her ute, skriv Sundt. I motsetnad til i innlandet måtte dei vere med i arbeidet både på land og på sjø. På havet rødde utrygge tillhøve i opne båtar. Mange kom då også bort på havet. I tidsrommet 1815 - 1855 var det i Haram ei gjennomsnittleg folkemengd på 1866 og i desse 37 åra kom 117 av desse bort. 113 drukna på sjøen - 8 kvinner og 105 menn. Av desse 105 mennene var 23 gardmenn, 11 plass og husmenn, 56 tenestedronigar og 15 kårsmenn og andre. Av alder var 11 under 20 år, 39 mellom 20 og 30, 26 mellom 30 og 40, 17 mellom 40 og 50, 7 mellom 50 og 60 og 5 var over 60 år. Ulykkene er slik fordelte på dei ulike årstidene: Januar: 1, februar: 13, mars: 15, april: 10, mai: 24, juni: 4, juli: 12, august: 9, september: 5, oktober: 8, november: 2 og desember: 2. Desse tala til Sundt seier mykje om det harde livet folket her ute førte på denne tida. Fisket var ei viktig attåtnaring til jordbruket, men sjøen krevde og sine offer, og svært mange menn gjekk bort i ung alder.

Sundt er elles svært imponert over kor dugande Haramsfolket var på sjøen. Sjøbøndene visste å styre båtane sine meisterleg både i storm og i stille ver. Når styrmannen på ein ottring verkeleg kom ut for storm og fare, heiste han seglet i høgste toppen og "segla sjøen ut." Det vil seie at sjøen som blei tatt inn forut blei ved hjelp av farta og rørslene i båten skylde ut att akterut. Men sjøbøndene kunne meir enn godt sjømannsskap. Dei kjende fiskeplassane så godt at det mest var som om dei hadde kart over botnen. Desse kunnskapane var blitt til gjennom erfaringar frå mange generasjonar, og fiskerane orienterte seg etter "mej", dvs. dei tok seg ut merke i land som hjelpte dei å finne ut nøyaktig kvar dei var.

Sjølv om det vart krevt mykje av tenestefolket i og med at dei måtte vere med både på land og på sjøen, var lønna deira heller skral. Dei fekk om lag det same som tenestefolk i innlandet endå desse ikkje var med i fiske. 12 spesidaler og eitt sett med kle var vanleg tenarlsønn. Dessutan hadde dei rett til eit halvt garns fiske under torskefiskja. Dette kunne dreie seg om eit par daler.

Bondene her i distriktet var svært redde for å dele opp gardane sine. Dette viser talet på gardmenn som heldt seg uhyre stabilt. (Vigra: 1759: 60, 1800: 53, 1825: 53, 1835: 57, 1845: 53, 1855: 53) Si tid etter 1800 fekk fleire slå seg ned som husmann her. Men etter kvart som dei døydde ut, lot ildsjøe bondene nye flytte inn. Tenestefolket i Haram kom frå andre bygder. Dei vart opplærte i arbeidet på land og sjø, men ville dei stifte familie, måtte dei flytte. Her fekk ingen slå seg ned utan han hadde eit sikkert utkome. Sjølv om her var mykje udyrka mark og mykje fisk, tok ikkje bondene sjansen på at nokon fekk slå seg ned og starte med to tomme hender. Ja, sjølv sonene på gardane måtte ut og kjøpe seg jord, eller finne anna arbeid. Dei kunne ikkje vente at foreldra skulle leggje tilhøva til rette for dei. Bondene meinte også at når dei tok heilt ukjøndige folk i teneste, og lorte dei opp i det mangfoldige arbeidet på land og sjø, hadde dei også krav på at tenestefolket arbeidde ei stund for dei for dette. Men dei var svært redde for å sleppe tenestefolket til på eigahand. For å ha så god kontroll med tenestefolket som mogeleg, sytte bondene for at dei ildsjøe folk nye rettar, og at dei var mest mogeleg avhengige av bonden dei tente hos. Denne haldninga syner seg i eit vedtak i heradstyret i 1856. Det stod strid om retten for tenestefolka til å bruke halvgarn i torskefiskja, og til å halde ut båt. (dvs. vere styrmann for seg sjølv eller andre.) Dette vedtaket vart gjort i heradstyret:

1. Den huseigar som tek inn meir enn eitt båtlag attåt sitt eige, skal bøte 15 spd. til fattiggassa.
2. Båtlag som hadde tenestegut frå prestegjeldet som styrmann, måtte ingen hyse. Mulkta for dette var 15 spd. Ingen måtte hyse laushamar, og ein husbond skulle ildsjøe ha lov til å gi drengen sin meir enn ein lut. Hyste nokon laushamar som ikkje dreiv inn handverk dei levde av, laut dei bøta med 50 spd. Ingivaren skulle ha frå 2 til 5 spd.

Av desse tilhøva kan vi lese oss til at tenestefolka vart strengt behandla av bondene. Dette viste seg i graden av sedelighet og. I Haram og smølge på Vigra var sedelegheita mykje lågare enn dei fleste andre bygder. Endå høyrde Sunnt eldre folk klage over at det var større lauslivnad då enn før. Sunnt teiknar eit samf. prega av harde levekår, med tradisjon og sedvane og lite toleranse utover det frå gammalt.

I Ullahammaren var det ildje fastbuande folk før i slutten av 1700 tlet. Gardane på Ullmåtte grunnen der frå gammalt av, og brukte der eig grunn der i dag og. På den tida folk kom til Ullahammaren som fastbuende var ikkje Ullabondene sjølveigarar, men 4 av brukta vart det kort tid etter. Prestar, futar og handelsfolk åtte det meste, og såleis var det slike som åtte grunnen i Hammaren og. Ein av dei som åtte jord i Hammaren var solneprest Abelseth. Han fann ut at det kunne trengst at det budde ein los i Hammaren, og frå 1776 høyrer vi om ein Nils Nilsen som har betalt landskyld til han. Nils Nilsen bygde på Jo - garden sin grunnsom høyrde til Abelseth, og huset i han budde i r det som no vert kalla "Ingebriststovå". I 1790 kom ein annan los som heitte Ole Jørgensen, eller Glomset - Ole son han vart kalla av di han var frå Glomset i Skodje. ~~Tollopssynsmann Preus~~ Tollopssynsmann Preus

Tollopssynsmann Preus ertyde retten til eigedommar på Ulla i 1750 åra. Preus sette arven til auksjon i 1767, og bøndene i Lars, Hali, Kari og Sjur kjøpte gardane sine. Men han sette som kraw at ingen måtte leige ut til båtlag i torskefiskja. Så tok han av eit høvemålleg areal til rorbuder som han leigde ut på harde vilkår. Men etter 1776då Abelseth sine ervingar gav Hildre-karane rett til å setje opp rorbuder i Vålen innanfor Hammaren, felukk Preus så sterk konkurranse av dei at han selde rettane sine i Ullahammaren og. Kjøpmennene Edv. Hammond og Pter Wind kjøpte. Det var i 1789.

Kring 1800 kom Jon Sie frå Hjørundfjorden til Hammaren og starta fiskehandel. Elias Rønneberg starta og handel, uvisst i kva år. Han selde forretninga si til Ingebrigt Løeg i 1836. Løeg var frå Valderøya, var handelsutdanna og dreiv handel i Hammaren i 20 år. Frå 1846 dreiv og Job Pedersen Brunvoll handel ei tid. I 1862 testamenterte Ingebrigt Løeg forretninga si til brorsonen Hans Løeg. Han døyde berre 27 år gammal og broren Johan Herman Løeg tok over. Han vart vidgjeten i distriktet ikkje berre som handelsmann, men også som spilloppmaker og original. Han var full av underlege påfunn, og hadde alltid gode replikkar. Det går den dag i dag mange underlege historier om han. I 1865 gjeldt J. H. Løeg i kompaniskap med Vebjørn Svendsen., og dei to dreiv rett storhandel fram til 1872. Då gjeldt dei konkurs. Ein branntakst viser eigedommane deira som var taksert til 8190 spd. : En en Etages Vaaningsbygning, Søbodgange (ei sjøbud til 2 Etages Vaaningsbygning, en 1 Etages Søbodbygning, en 1 Etages Salterbod (5 rom), et 3 Etages Trandampkogeri, et Bruntranbrenderi, en Smedje, en Fiskebod, en liden Koefjøs, et lidet Tømmerhus, et Svinehus av Tømmer, en liden Ladebygning.

I 1880 slo Joachim Methlie seg ned her. Han var gift med søstera til J. H. Iøeg og dreiv handel til etter århundreskiftet. Peder Elias Flem og Albert Olsen fra Llesund dreiv fiskerkjøp, og siden Elias Flem ei tid. Gustav V. Ulla, eller G.V. som han vart dreiv Elias H. Flem ei tid. Gustav V. Ulla, eller G.V. som han vart kalla, dreiv sildekjøp og landhandel heilt fram til 1953. Då hadde folk hadde heller ikkje så mykje bruk for han som før. Det er omtalt at han kom seg til Austnes eller Flem med bil.

Under torskfiskja var det folksamt på Ulla før i tida. Fiskarane kom tilreisande frå innlandet og Romsdalen. På midten av 1800 talet var det omkring 70 båtar som hardst med ottringar, kunne det vere opp til 70 båtar stasjonert i Ullahammaren. Korleis dei klarte å hyse alle desse båtar i rommet var det ikke sagt. Oftast budde 4 båtlag i kvart hus, og vanskeleg å forstå for oss. Oftast budde 4 båtlag i kvart hus, og i kvart båtlag var det 6 - 7 mann. Fiskarane frå Hildrestrandane ordna seg med husrom sjølve. Dei hadde alt i 1780 åra fått bygt rorbuder i Vålen innanfor Hammaren. Det var i alt 6 rorbuden der, men i dag ber vi lite att av dei. Berre litt av grunnmurane kan sjåast. Siste rorbuda vart truleg neddriven omlag i 1915. Utanfor den stod det ei bud som vart brukt til verking og salting av torsk. Ho stod til 1920. Budene var omlag 9 - 10 meter lange, og hadde ei innvendig breidd på omlag 4 meter. Inne i rommet var det ein omn med eit røyrr opp gjennom taket. Dei hadde berre eit lite glas på eine veggen, og ved glaset stod eit matbord. Sengestad til 6 - 7 mann - eit båtlag.

Fiskarane som hadde fast tilholdsstad på Ulla, salta og tørka fisken sin sjølve. Fisket var slutt i mars, og innan våronna tok til i mai var fisken ferdig til å seljast. Dei som kom tilreisande selde fisken forsk til handelsmennene. Handelsmennene på Ulla kjøpte fisk, salta og tørka. Sidan leigde dei skuter som skulle føre fisken til marknaden. Mykje av fisken gjekk til Spania, men dei handla med andre europeiske land som England og Tyskland, og. Det er naturleg at dette måtte bli risikabel forretning. Det var då heller ikkje uvanleg at handelsmennene gjekk konkurs. Prisane til fiskaren vart fastsett av handelsmannen, og han igjen var naturleg nok avhengig av prisane på verdsmarknaden. Han var og avhengig av seglskute den lange korleis det gjekk med fraktinga som gjekk med seglskute den lange

vegen. Det vert sagt om ein handelsmann som hadde hatt tap på ein fi handel med Hamburg, at han kommenterte det roleg slik: " Det me taper på Hamburg, får me ta att på Hull. "

Men i Ullahammaren dreiv dei med anna enn landhandleri og fiskekjøpp. Ingebrigt Løeg fekk privilegie til brennevinshandel, og dette vart oppattnya av V. Svendsen og J. H. Løeg i 1862 og drive heilt til 1886. Dei fleste handelsmennene dreiv tranbrenneri, og P.N. Sunde og Ole Elias Hildremyr dreiv som smedar i Ullahammaren.

Det var spesielt i det hundreåret handelsmennene heldt til i Ullahammaren at der var ekspanasjon og utvikling. I denne tida vart dei fleste husa sette opp, og i gode fiskeår var det velstand i bygda. Dei fleste reininghusa var sette opp frå 1850 til 1920. Det var også sjøbuder langs stranda der fiskekjøpssane heldt til.

FISKERI.

Fiskeriet har naturleg nok vore svært viktig for ein stad som Ulla både som attåtnæring og hovudnæring. Bøndene har heilt opp til i dag drive fiske som attåtnæring, medan folket i Ullahammaren for det meste har hatt det som hovudnæring. På grunn av fisket har folket her ute stått seg bra økonomisk. Fisket gav klingande mynt og var mellom anna grunnen til at bøndene hadde råd til å kjøpe gardane sine så tidleg på harde vilkår. Fisket var frå først av sesongbetont. Vintertorskefisket og frå 1650 Storeggfisket har vore dei viktigaste sesongfiska. Vintertorskefisket var frå gammalt av drive frå Kyndelsmess til Marimess (2/2 - 25/3). Dei var svært nøygne på å halde datoane, og sjølv om det var svært mykje fisk 25/3, slutta dei av då. Grunnen til dette var at skulle dei få tid til å stelle fisken før våronna tok til, måtte dei byrje så tidleg. Seinare vart fisket utvida til 8/4.

På 1600 talet budde det ein mann på Longva som heitte Thomas Longva. Han skulle få mykje å seie for utviklinga i fiskeriet på øyane. Han såg og tenkte lenger enn dei fleste, og i leitinga si etter nye fiskeplassar oppdaga han Storegga. Dette var i 1640 -50 åra og det var høgst uvanleg å fare så langt til havs då. I opne båtar rodde og seglde dei den lange vegen til og frå Storegga, og det seiest at i gode år kunne dei gjere opp til 12 turar på sommaren. Ein tur kunne vere ei heil veke. Dei brukte ottringar og til vegn brukte dei snøre. Det seier seg sjølv at dei lange turane i opne båtar var både slitsomme og farefulle. I stilla var det eit slit å ro den lange vegen. Var veret hardt, var det ein utrygg seilas i

i open båt. Men i generasjonar hadde folket her ute utvikla god sjømannsskap, og vi hører i boka til Eilert Sundt at dei kunne meistre utruleg hardt ver.

Det næste framsteget på sjøen var deksbåten. Dette var eigentleg ikkje nokon ny båt. Det var flatbrennarar og møringsbåtar som vart lagt dekk på. Båtane vart no tryggare og lunare, men på andre måtar vart "framsteget" ei bør for fiskerane. Arbeidsmessig var båtane meir tungvinte, og skulle det bli lite vind, var han svært vanskeleg å ro samanlikna med dei opne båtane. Men så kom motoren. Den første som sette inn motor i Haram var Elias Skjelten, og til Ulla kom den første motoren i 1904 - 5. Gamlekarane var naturlegvis svært skeptiske til dette nye. Dei var svært tradisjonsbundne og trudde på skjebna og lagnaden, og likte lite dette nye som kom med den raske utviklinga ved århundreskiftet. Men motoren var komen for å bli. Først kom totaktsmotoren, men fordi han både var maskinelt därleg og pga ukyndig behandling, var det mykje kluss i byrjinga. Men etter at firtaktsmotoren kom, sette folk inn motor medan leverandørane klarte å skaffe. Det var den såkalla Møringsbåten som var mest brukt no. Han kunne vere opp til 40 fot lang, men han var smal og grunn. Denne båten hadde vore brukt før og, men no kom fiskerane lettare og fortare fram i han. Det var vanleg med 6 - 7 mann på kvar båt.

Men med motoren kom det og større utgifter til. Det gjekk med mykje olje, tykte gamlekarane. Difor sparte dei der dei kunne. Dei stansa båten i god tid før dei kom fram til bøyet slik at båten gleid fram til. Ellers og sparte dei kvar drope dei kunne, og motoren gjorde ikkje mange fånyttes dunk. Det vert fortalt at då dei i Gunnagarden på Longva snakka om å dra på Finnmarka eit år, slo gamlekarane i bordet og sa at å reise så langt var det ikkje meinings i. Dei kom sikkert til å bruke minst eit heilt fat olje! Overgangen til motorbåt har elles Henrik Rytter skildra godt i eit skodespel Med miljø og handling frå Haramsgrenda. Skodespelet er ikkje utgitt offentleg.

Det skjedde og ei utvikling med hensyn til vegna som vart brukt: På Storegga fekk dei line i tillegg til snøre, og i torkefiskja hadde dei gått over til garn. Det vert sagt at det var litt av eit ramaskrik då dette skjedde. Gamlekarane likte ikkje dette framsteget heller. Havet ville bli fiska tomt, meinte dei. Når dei fiska med snøre var det då ein sjanse for ein og annan fisken å passere men på garn og line tok dei då alt! Slikt var meiningslaust! Ein mann på Haram fortalte at han tok 1300 torsk på 14 garn - og det var grunne garn. Berre 22 mauskar. Garna laga fiskerane sjølve. Frå først av kjøpte dei russehamp som dei spann og breidde, og knytte garn av. Sidan fekk dei italiensk hamp som gav tynnare tråd og fisknare garn. Først etter 1930 vart det vanleg å kjøne ferdige garn.

10 kg tråd gav omlag 5 garn. Ein mann som heitte Jo - Karl (Karl Ulla) batt eit garn på ein dag. Desse garna var 32 famner lange og 30 manuskar djupe. Då hadde han ungane til å leggje tråd på nåla, men jammen hadde han handlag og.

Frå gammalt stellte, salta og tørka folk fisken sin sjølve. I eit drygt hundreår mellom 1800 og 1900 fekk dei selt fisken til handelsmenn i Ullahammaren. Før den tid bytte dei han mot varer på Marknadneset (Veblungsnes). Dei tilreisande fiskerane selde fisken sin fersk til handelsmennene i Ullahammaren. ~~Dei~~ Ullakarane og dei som hadde rorbuder i Vålen innanfor Hammaren stelde fisken sin sjølve, og fekk dermed betre pris. Fiskaen vart tørka på ~~Hikkahammaren~~ Ullaholmen om våren, og på den delen av holmen som blei brukt til dette fanst det mest ikkje gras på grunn av saltet.

Utviklinga gjekk mot større båtar og større motorar. Møringsbåtane vart for små og veike, og dei gjekk meir og meir over til kravellbygde båtar. Dei gamle båtanee var bygde som færingane vi har i dag. Borda låg utanpå kvarandre inntil spanta. Dei vart klinka saman, såkalla saum. På dei kravellbygde båtane låg borda kant i kant, slik at båtane vart slette utvendig. Det var og tettare mellom spanta i desse båtane. Borda vart og grovere no (1 3/4 - 2"). Desse båtane fekk og garnering innvendig slik at dei vart mykje sterkare, og kunne tolle sterkare motorar. Frå 1914 og utover vart det vanleg med 40 - 50 fot lange båtar og motorar med 8 - 10 hk - og snart endå større (20 - 30 hk). Den første verdskriga var ei god tid for fiskarane. Dei som kjøpte båtar før krigen og i byrjinga av krigen, gjorde det godt. Men framover mot slutten av krigen vart båtane og motorane dyrare. Etter krigen vart det därlegare tider, og mange måtte gå frå båtane sine. I 1911 kjøpte Karl K. Åkre "Odin" (40 fot - 19 hk for 10 - 11000 kr. Same båten kosta i slutten av krigen 30 - 40000 kr. Det var båtar på kvar gard på Ulla i denne tida, og i Ullahammaren var det og mange som hadde båt. Den første garden som sluttet med båt, var Kari - garden i 1916. I 1918 sluttet Mette, Sjur og Lars sluttet i 1927, medan i Jo - garden heldt dei båt mykje lenger. Etter krigen var det ikkje heilt ufårleg å drive sjøen, og somme sluttet av den grunn. Men vel så viktig var det at gardsdrifta godt nok øko nomisk resultat, og gav for så vidt nok arbeid og.

Det vart og fiska ein del sild, og i slutten av første verdskriga kjøpte Larsen frå Austnes sild i Ullahammaren. Torsken tørka og stellte dei ~~på~~ sjølve på Ulla heilt fram til 1930 åra. Etter at handelen i Ullahammaren tok slutt ~~ixx~~ etter århundreskiftet, leverte dei fisken i Ålesund hos firma som Rønneberg, Berle, Koparnæs og Berset. Det var litt av eit storhende kvar gong dei skulle av garde og leve fisk. Heile familien var med, og dei var i byen i 2 - 3 dagar.

Karane låg ombord, medan kvinnene og borna låg overnatta hos kjenningar i byen. Kvar morgen møttest alle på pensjonatet hos Malla Søvik for å ete frokost. Då var dei benka langs langbord, nordøyinger og sørøyinger, og dei vart servert herrekost som flatekaker, mysost og kokte egg. Det vart og tid til å frette nytt naturlegvis! Dei som hadde vore med og arbeidt med fisken, fekk fiskegåver. Dette var litt av eit høgdepunkt, særleg for dei yngre, og skapte god motivering for arbeidet.

Etter kvart kravdest det likare vegen for å få same fangst, og garna vart djupare og djupare. I 1925 byrja somme med tråling med snurrevad. Dette førte til at ein kunne drive fiske på heilårsbasis og ikkje berre i sesongane.

Under siste krig var det stillstand i utviklinga i fiskeriet. Tyskerane kravde at ein skulle drive sin daglege dont, så ein ut av og til, men det vart berre godversfiske. Det var heller ikkje heilt ufårleg å vere på sjøen i desse tider med miner og stengde lykter. Men folk hadde stort sett det dei trøngde til det daglege brød trass alt. Mangel på olje førte og til at tempoet vart sett ned. I metode vart fiskeriet drive om lag som før krigen.

Etter krigen kom utviklinga i gong att, ei utvikling som gjekk så rivande fort at fiskeribygda Ulla vart heilt akterutsegla. Ekkolodd og sendar saman med større båtar, større motorar og betere vegen sette fart i fiskeriet att. Silda var ustabil i dei første åra etter krigen. Ja, det hende at dei måtte heilt sør på Bergenskysten for å nå tak i ho. Enno var det meir båtar enn ein hadde mannskap til på Ulla. Dei måtte få mannskap utanbygds frå. Ullakarane sjølve reiste lite ut med båtar andre stader frå. Det einaste var at somme drog på sildefiske på Island om sommaren nokre år. Men framleis var dei gamle sesongfiska viktigast, no saman med trålinga. Forlengjing måtte til, og seinare nye og større båtar.

I 1950 åra var vintersildfisket det viktigaste fisket på Møre kysten. Overgangen frå garnfiske til snurpenot krevde endå større båtar. Sildebåtane i 50 åra tok 2 - 3000 hektoliter. I siste åra vintersildfisket vart drive tok båtane 7 - 8000 hl. Kraftblokkbåtane i dag tek 13- 14000 hl. I fisket etter dei vanlege fiskeslaga har utviklinga gått same vegen. I dag blir det satsa meir og meir på fabrikkskip som filetterer og frys fisken ombord. Desse gjer turar på mange månader til felt langt borte frå Norskekysten (t.d. ved Grønland). Arbeidet blir meir og meir maskinelt, og naturlegvis krevst det i dag stor kapital for å drive. Ein toppmoderne kystfiskebåt (line , trål) på 80 - 90 fot kostar i dag ein 4 - 5 millionar kroner. Det skal hard drift til for å halde ein slik båt gåande. Dei store båtane (som har størst produksjon) sit på få hender. Det blir danna reieri som eig fleire båtar. Desse reiarane driv sjeldan sjøen sjølve. I kyst-

fiskeflåten derimot finn vi framleis reierane på dekk.

Denne utviklinga førte til at Ulla ikkje var ein så lagleg plass for fiskerane lenger. For det første er båtane så hurtige at fiskerane treng ikkje bu så nært felta. For det andre er det svært utgrynt på Ulla. Dei nye båtane som den nye generasjonen kjøpte flaut ikkje opp under land. Det var naturlegvis altfor urasjonelt å frakte vegna til og frå land i småbåtar. Med tung og stor vogn vart det for slitsamt. Ein tredje og viktig faktor var at dei unge som stifta familier, fekk seg ikkje tomter på Ulla. Såleis flytte fiskarsønene og døtrene ut og busette seg andre stader (Austnes, Ålesund, Ellingsøya osv.). Nokre få fekk bygge hus og nokre vart sjølvsagt att fordi dei ervde hus. Desse dreiv fiske frå mindre båtar. Det vart mest torsk fiske og hummarsfiske. Av og til tok dei seg turar på større båtar andre stader ifrå. Men det vart meir og meir til at ungdommen flytte ut. Berre dei som ervde hus og gard vart att. I 1960 åra var det berre nokre få båtar som dreiv fiske på Ulla. Hummarsfisket har halde seg fram til i dag, men hummarsbestanden har gått sorgjeleg attende. Dei fleste Ulla fiskerane er no anten flytta, pensjonerte eller pendlar til anna arbeid. Litt torsk fiske blir enno drive, og to grunneigarar har dei seinare åra drive litt laksefiske om sommaren som attåtnæring.

JORDBRUK.

"Ullagardane ligg på ei flat og brei strandflate som har vore godt dyrka. Jorda er ei høveleg blanding av sand og mold, og er godt gjødsla. Ein finn rikeleg av tare i Tangvika og ved Naustneset. Det har ikkje vore så vanskeleg å veite bort vatnet på Ulla som t.d. på Haram". Dette er eit sitat frå Haram bygdebok (s. 44) og fortel at tilhøva skulle liggje godt til rette for jordbruk på Ulla.

Frå først av var det dei gamle åkrane rundt gamletunet som var oppdyrka. Det var helst dei tørraste vollane som t.d. utanfor nausta og oppover mot elva. Det gamle gardstunet låg i ei klyngje rundt der Ingelei og Karigarden står no. Dei eldste gardane var truleg lagt lengst ned mot sjøen. Etter som dei vart delte, vart det bygt lenre oppe. I 1520 var det 5 gardar på Ulla, i 1665 var det 6, i 1723 var det 7 og etter 1800 var det 8 gardar som no. Dette syner jordavgiftsproto-kollen. Frå først av var Negard og Jo, Ingelei og Sjur og Lars og Kari samanslatt bruk. Først vart Negard og Jo fråskilte, så Ingelei og Sjur og til sist Lars og Kari. På det vesle gardstunet hadde kvar gard løe stabbur og torvsjå. I tillegg hadde to av gardane kårstove, og to hadde og eldhus. Gardane dreiv både husdyrhald og korndyrking. Av korn dyrka dei mest bygg og havre, og kvart bruk hadde sitt kvernhus langs elva nedst i fjellskråninga. Kvernhusa finst

det berre restar av no. ~~Mar~~ Bruka var i minste laget slik at dei måtte slå med ljå langs fjellsidene for å få nok høy. I 1657 var det på Ulla 5 hestar, 3 oksar og ungfe, 30 kyr, 3 svin, 3 sauер og 2 geiter. I 1714 med 7 bruk var det 7 hestar, 54 naut. I 1723 (7 bruk) var det 7 hestar, 42 kyr, 20 ungfe. Tala er frå matrikklar frå desse åra.

Samanliknar vi Ulla med gardar med like mange bruk, er det jamnt over større buskap på Ulla. Om d t er storleiken på bruken, delen som går til kornproduksjon eller andre ting som gjer dette ~~xx~~ er vamskeleg å sei

Dei første losane som kom til Ulla~~xxxxxxxxxx~~, budde i Ullahammaren. Men seinare vart det vanleg for bøndene også å vere losar. Ulla losområde var frå Storholmen i sør til skjeret Flaten utanfor Fjørtofta i nord. Ullalosane første skipa innaskjers og utaskjers forbi Molde og Kristiansund og den vanlege Trondheimsleia til Trondheim. Losane skulle vakte vel på om det låg skip i havet og venta på los. Dei måtte difor gå opp til utkiksplassane sine i fjellsida rett som det var. Derifrå kunne dei sjå 10 mil til havs. Når dei så fekk sjå skip, vart det kapping og hardsegling for å nå først ut til skipet.

Ullalosane var:

Nils Nilsen	Betalte landskyld 1776 - 1790 i Hammaren
Ole Jørgensen	1791
Hans Sjursen Ulla	f. 1760 " nemnt som los 1786
Lars Pedersen Ulla	f. 1749 1786 xxxxxxxxxx
Ole Rasmussen Ulla	f. 1765 omkom 1803
Peder Rasmussen Ulla	? xxxxxxxxxx 1788
Povel Povelsen Ulla	reservelos 1804
Ingebrigt Iversen Ulla	f. 1792 1816 d. 1843
Peder Hansen Ulla	f. 1797 1826 - 49
Ågne Pedersen Ulla	f. 1793 1814
Hans Pedersen Ulla	1819-1906 1844-76
Gutterm Ingebrigtsen Ulla	1820-1907 1844-76
Petter Hansen Ulla	1852-1937 1876-1903
Kristian Jobsen Ullahamar	1851-1917 1876-1903
Sevrin K. Ullahamar	1880-1934 ?
Karl K. Åkre	*1878-1964 ? - 1939

Lossoger ~~fartak~~ og bergingssoger fortalt av Sevrin Guttermesen Ulla, nedskrive av Gustav S. Ulla, fortel om korleis livet som los arta seg, og om fårane på havet.

Framgangen som kom med overgangen til Storeggfiske fekk sjølvsagt mykje å seie for gardsdrifta og. Først og fremst førte fisket til at dei fekk kontantar, og dermed til hjelp i harde tider. Ein reknar og med at dei første Ullanausja vart bygde då. (1650). Pengane frå fisket hjelpte bøndene til å kjøpe att gardane sine, og dette saman med betre opplysning blant folk gjorde seg utslag i betre gardsdrift.

I 1849 brende det gamle Ullatunet ned, men det vart bygt opp att på dei gamle tuftene. Alle dei 8 bruka vart verande her til 1890 åra. Då vart 3 av bruka flytta, og sidan følgde 2 til etter.

Det gamle bondesamfunnet var prega av naturalhushald. Det aller mest av det dei trondde på garden, laga dei sjølve. Ting dei ikkje klarte å lage sjølve laut dei kjøpe. Før det kom handelsmenn til Ullahammaren, bytte dei til seg varer på Marknadneset som vi no kjenner som Veblungsnes. Sidan fekk dei kjøpe ting dei trondde i Ullahammaren. Nokre utskrifter frå hovudbøker som var brukte i ullahammaren i 1880 åra, viser kven som handla her og kva dei kjøpte. Det var Ullafolk, Flemsfolk folk frå Hurlen, Skår, Hellevik, Romsdalen. Frå kontoen til Guttorm Ingebrigtsen Ulla for juni, juli, august og september 1880 ser vi at han selde fisk og kjøptesugmjøl, ler, kaffi, salt, tobakk, sild og spikar. Han må sikkert ha drive mykje bygningsarbeid, for han kjøpte mykje spikar. Andre ting folk kjøpte var tråd, snøre, glaskuler, tønner, sirup, brennevin, tau, bly, grønsåpe.

Til brensel brukte dei torv. Torva spadde dei anten i Ulladalen, på Ullaholmen eller i Håvikas. Til gjødsel brukte dei tare i tillegg til kumøk. Vika frå nausta og innover var ei særleg god tarefjøre, og her og i Tangvika tok alle gardane taren sin. Men ikkje heile fjøra var like god tarefjøre. Derfor hadde gardane frå gammalt av delt tarefj mellom seg på ein svært rettferdig måte. Det var ikkje slik at kvar gard åtte eit fast stykkje. Tarefjøra var frå gammalt bytt på nytt kvart år den 14. oktober. Fjøra var delt inn i 6 tareskifte. Desse vart delte på bruka etter skyld. Det var 2 tareskifte austanfor elva, 2 frå elva til båtstøene, 1 i båtstøene og 1 i Tangvika. For kvart tareskifte vart det først merka av utgangspunkt, og så vart tarestykke utmålte med ei stong som var i høve til skylda på bruket. For kvart tarestykke vart det sett ned to nabbar frampå marka med bumerke som viste kven som åtte dette stykkjet dette året. Plasseringa av tarestykka varierte frå år til år. Den som kom lengst sør eit år, kom lengst nord neste år. Dette vart drive heilt til 1939.

Bumerke	Bruk	Mellag	
Mette	10	Storleiken på bruka etter	
Mali	9	skyld gjev høvet mellom	
Negard	7	bruka. Mellag er eit mål på	
Jo	7	dette. Tarestavane hadde ei	
Lars	6,5	lengd som stod i høve til	
Kari	6,5	storleiken på bruka. Det vert	
Sjur	5	fortalt at på Haram skifte dei	
Ingelei	5	jorda si på denne måten før.	

Den gamle teigdelinga gjorde at det var tungvint å drive jordbruk. Jordskiftet i 1880 åra letta arbeidstilhøva mykje for bøndene og saman med andre faktorar førte dette til ei utvikling framover i åra som kom. Ullabøndene tok til med nyryddingsarbeid, og rundt 1910 var bruka "ferdig" oppdyrka slik dei er i dag. Opplysning om nye driftsmetodar og ny reiskap gjorde bruka meir produktive og lettare å drive. På denne tida skjer det og ei utvikling i kommunikasjonane. Det kom rutebåt til Ulla. Han gjekk til Ålesund 4 gonger for veka. Rutebåten kom frå Steinshamn og hadde mange stopp før han kunne leggje til kai i Ålesund. Han skulle innom Longva, Flem, Ulla, Austnes og Haram berre på desse to øyane. Seinare gjekk han berre til Longva og Austnes, og det vart sett i gong bilrute til Ulla. Det var Anders Stornes som fekk bygt om ein lastebil til buss som kunne ta både personar og varer.

Med ~~med~~ dei betra kommunikasjonane kunne bøndene no sende mjølka si til Ålesund der det rundt 1900 vart starta eit bolag som tok imot mjølk. Seinare vart Sunnmøre Meieri skipa. No vart det og lettare å få varer utover til øyane. Frå omlag 1910 byrja bøndene å føre dyra med formjøl, men dette vart det meir av seinare. Det vart lagt meir og meir vekt på mjølkeproduksjon, men bøndene heldt fram med å dyrke korn og. I 1917-18 kjøpte dei truskeverk på Ulla, men det vart selt i 1934 etter at det vart jamnt slutt med korndyrking frå 1927-28. Under 2. verdskrigen dyrka dei og litt korn, men det vart det slutt med når freden kom. No var ikkje gardane så sjølvberga lenger. Dei kjøpte meir og meir hos landhandlaren i Ullahammaren og i Ålesund.

I alle år var det årvisst å føre dyra bort i Ullaholmen. Om våren førte dei dyra bort i trerongar, og tilbake att om hausten. Kvar dag reiste dei bort morgon og kveld og mjølka. Det var kvar sin geng å halde båt. Den som heldt båt, hadde plikt på seg til å gå rundt og banke i veggar eller rekksverk på dei andre gardane når dei skulle reise. Dette vart kalla "Bankarlag". Dei slutta å føre over mjølkekryrne i 1930 åra, men ungdyrar har blitt ført til Ullaholmen i båt heilt til bruva kom i 1970.

Alt i 1905 tok dei første til å prøve med silo. Men det var berre ei lita krå, og berre hogras. Først etter 1950 vart silo vanleg. Då fekk dei traktorar, og slåttonn og anna onnearbeid vart mykje lettare. I 1961 kjøpte 3 av bøndene ein forhaustar i lag, og no går all innhausting av fgras føre seg med forhaustar. Då bruva kom i 1970, starta Ulla bøndene nyryddingsarbeid på Ullaholmen, og fekk såleis utvida areal med dyrka jord. Dei fleste har følgt med utviklinga og modernisert fjøs og reiskap etter kvart. Karigard en er no nedlagt og blir driven av Lars og Negard. Det er slik på Ulla som andre stader at nokre har følgt utviklinga med kravom større areal, produktivitet og rasjonalisering. Andre er blitt hengande etter. Den største garden har i dag om lag 20 mjølkekryr og ein årsproduksjon i 1975 på over 87000 kg mjølk.

UTDANNING & SKULETILBOD.

Haramsøya og Ulla ligg sentralt plassert midt i skipsleia. Båtar som kjem nordanfrå og skal til Sør-Noreg og kontinentet, går forbi, og båtar kjem frå kontinentet og skal nordover med varer og passasjerar.

Slik har det vore alt frå nordmennene skaffa seg båtar. Då segl og årar var framdriftsmiddelet, var Ulla og Haramsøya elles ein kjend og nytta rasteplass for natta. Båtane måtte ligge stille fordi det ikkje fanst fyrlykter å segle etter. Slik kom folket her til å frette nytt frå alle kantar av den kjende verda. Dei var godt kjende ikkje berre rundt si eiga stovedør, men folket fekk også vite kva som gjekk føre seg nasjonalt og internasjonalt. Dei var i det heile godt opplyste.

I eldre tider levde folket på Ulla av gardsbruk og fiske. For dei eldre var det viktig at dei unge fekk opplæring i desse yrka, og såleis kunne føre farsarven vidare. Difor fekk dei unge så langt attende ein veit opplæring heime i praktisk arbeid av det slaget som trongst på garden eller i fiskaryrket. Ja, for berre hundre år sidan var det vanleg at ein ung gut laga konfirmasjonsskorne sine sjølv, og jentene måtte sjølv sy brudebunaden sin.

Denne opplæringa i heimen har hatt mykje å seie for kulturframvoksteren, men ein skal hugse at det var tronge økonomiske kår som gjorde praktisk dugleik naudsynt. På Ulla levde denne respekten for dugleik i det praktiske lenge, og av den grunn har mykje av den kunnskapen som gjekk i arv frå ætt til ætt, ikkje vorte heilt borte.

Alt med innføringa av kristendommen kom kravet om bokleg lærdom til Noreg, og med tida også til Ulla. I kristenretten frå 1100 - 1200 er det fastsett at kvart barn ordrett skulle kunne trus vedkjenninga, Fadervår og Ave-Maria. Denne katolske opplæringa nådde høgdepunktet fram mot svartedauden, rundt 1350. Som følgje av pesten døydde imidlertid dei fleste lærarane, prestane, og dei som kom i staden var oftast ulærde. Men det er grunn til å tro at denne barne-lærdommen for dei fleste berre var reglar og ramser utan innhold.

Først etter reformasjonen i 1537, fekk vi fart i den boklege lærdommen. Kyrkjeordinansen av 1539 slo fast at klokkaren skulle "undrevise det unge bondefolk udi børnelærdommen, katekismo, en sinde (gang) om ugen udi sted og stund som sognepresten dennem foreskrive." Men Haram fekk ikkje prest før i 1589, så først etter dette kan ein

rekne med systematisk opplæring for borna på Ulla. Og først i 1668 går det tydeleg fram av rekneskapen for Haram kyrkje at klokkar er tilsett. Frå denne tida og fram til lov om konfirmasjon vart innført i 1736 og lov om skule i 1739, gjorde både prestane og klokkarane godt arbeid for å lære opp dei unge på Ulla og resten av Haramsøya. Konfirmasjonslova førde med seg krav om auka kunnskap, og som ei naturleg følgje av dette fekk vi lov om folkeskule berre tre år seinare. Lova slo fast at i kvart sokn skulle det vere ein skule som borna kunne nå kvar dag. Skuletida skulle vere tre månader kvart år frå barnet var sju til det var ti år. Seinare skulle barnet gå på skule eim eller to gonger for veka til det blei konfirmert. Faga eller læreemna skulle vere kristendomskunnskap, song og lesing, men mot særskild godtgjersle kunne borna få lære å skrive og rekne. Men det syntes seg fort at forordninga var altfor streng, særleg med omsyn til kravet til eit fast skulehus. I staden fekk vi ei ordning med omgangsskule.

Skule skulle haldast på omgang mellom dei bøndene som hadde råd til det, anten dei sjølve hadde born eller ikkje. Denne ordninga vart innført i Haram alt i 1741. Dei fleste andre stadane i kommunen og i bispedømmet kom ikkje etter før i 1750-åra. Skule skulle haldast minst ei veke om gongen hjå kvar bonde. Kvar elev skulle ha tolv vekers undervisning for året. Presten hadde ansvaret for å organisere skulegongen. Frå preikestolen skulle han opplyse om kvar skule skulle haldast, og om kven som skulle møte.

Bøndene såg stort sett med uvilje på skuleordninga. For det første var dei nedtyngde med skattar frå før, om dei ikkje skulle måtte betale "skuletoll" også. For det andre miste dei god arbeidshjelp på garden den tida borna var på skulen. Difor måtte presten vere ihuga i gjerninga si om skuleordninga skulle verke. Dersom han var likegyldig, gjekk skuleordninga i stå med bøndene si velsigning.

Lærarane vart kalla "skuleholder" på den tida. "Lærar" kunne dei ikkje kalle seg, for den tittelen brukte prestane om seg sjølve. Folk flest nytta tiltalen "skulemeister". Dei mest dugande elevane blei utplukka til å verte lærarar, og opplæringa si fekk dei hjå presten. Ved endt opplæring og etter ei prøve hjå prosten, bar det ut i skulen for å undervise. Men lærarløna var därleg, og yrket lite ansett mellom folk. Dessutan var læraran stadig på flyttefot, og arbeidssituasjonen i røykstovene var därleg. Medan læraren dreiv undervisning, arbeidde folket på garden med sitt. Dei spenn

og snikra, og ofte rusla katt, hund, høner og stundom ein smågris rundt på golvet. I slikt miljø var det ikkje alltid så lett å samle seg om skulearbeidet korkje for elev eller lærar.

Alle borna fekk undervisning i lag, og aldersforskjellen kunne vere frå sju og opptil atten år. Svært få born fekk noko opp-læring i skriving eller rekning før etter 1825. I 1824 vart dessutan Grøgaards lesebok innførd og nyttta i omgangsskulen i Haram. Dei som hadde råd, skulle sjølve kjøpe boka, medan læraren fekk seks bøker for å låne ut til fattige born. Denne leseboka innførde eit heilt nytt motto: "Forstår du det du læser?" Vidare hadde ho spørsmål til borna, og til og med ei ordliste med forklaringar. Samstundes med at denne boka kom i bruk, vart også ABC-boka innførd. Det var den fram-synte biskop Neumann som dreiv gjennom desse nyordningane under ei visetasjonsreise i 1824. Han fekk også gjennomført at skriving og rekning skulle vere faste fag i omgangsskulen i Haram. Vidare skulle fattige born få skulebøker på skulekassa si rekning.

Kunnskapsnivået hjå borna på Ulla fram til denne tida, veit vi har vore bra, samanlikna med resten av landet. Det første som provar dette, er sjelerегистret til sokneprest Abelset frå 1755-1757. Av dette går det fram at dei fleste borna over skulepliktig alder kan lese eller stave. På Ulla er det berre ein av 52 menneske i lesemoden alder som ikkje kan lese, og det er ei 84-år gammal kone. Elles får dei fleste karakteren "vel" i lesing, sjølv om dei fleste eldre hadde vore born før skulelova frå 1739 kom. Altså må opplæringa ha vore brukbar også før dette årstalet. Rapportane frå prost- og bispevisetasane framover mot 1827 fortel også om god opplysning mellom borna i Haram. I 1767 skreiv biskop Arentz at "... i dette prestegjeld var så stor kunnskap og opplysning at hver anden ung dreng var istand til at kunde være skolemester." Nokre tiår seinare, i 1799, skreiv Johan Nordal Brun: "Opplysningen var sjøn hos ungdommen", og i visitasprotokollen for året 1818 les vi at "...den skolesøgende mangler ikke øvelse i at læse i bog. At modta skoleholderen med velvilje og at holde børnene til at søge skolen, er allmindelig i prestegjeldet."

Utover på 1800-talet utvikla rekning og skriving seg til å bli hovudfag ved sida av kristendom, og etter 1850 byrja arbeidet for ein fast skule i Haram. På eit møte i skulekommisjonen i 1861, fekk Haram fast krinsskipnad. Ulla vart no eigen skulekrins. Kvar krins skulle syte for skulerom sjølv, og i tillegg vart fagkrinsen

utvida. Opplysningsfaga soga, særleg Noregssoga, landkunna, og naturfagetvinn innpass i skulen, dette som ein reaksjon på folkehøgskuleånda og nasjonalstraumen som rådde i tida.

Men enno framover mot byrjinga av 1880-åra var skuleslaget omgangsskule. Det var ikkje berre ulemper med denne organiseringsmåten. Samarbeid mellom heim og skule som det i våre dagar er ein fast del av skulearbeidet, var det i omgangsskulens dagar ingen vanstrar med. Ikkje berre borna men også dei vaksne fekk nyttig kunnskap ved å høre på undervisninga, og ved å samtale med læraren når skuledagen var slutt.

Korleis omgangsskulen arta seg i praksis, får vi eit godt inntrykk av om vi les kva Karl Rogne skriv om si erfaring med skuleslaget i boka "Minne og meininger." Nokon særleg skilnad frå Rogne til Ulla, Kunne det ikkje ha vore, for livsgrunnlaget var om lag det same både stadar.

Rogne skriv: "Det var omgangsskule i mi tid med frå 8 til 14 dagar hjå kvar gardbonde. Plassingane hadde ikkje husrom til heile ungeflokken. Me hadde samla skule, med alle born i ei klasse, og det var nokså vanleg at dei eldste og lengst komne laut læra dei minste både stava og lesa, dersom dei ikkje kunde det heimafrå. Dei minste hadde alltid sessen sin på bakarste benken."

"Me likte å fara frå tun til tun med skulen. Det var jamt noko nytt på kvar stad, og kjend vart me i kvart hus, i krop og smette i heile tunet."

"Me hadde 12 vikor skule for året med 33 timer for veka. Laurdagen hadde me berre 3 timer."

"Kvar skuledag var frå klokka 9 til 4 med 1 time middag. Dertil hadde me eitt frikvarter fyre- og eitt ettermiddag."

"Fagkrinsen var ikkje så stor som no til å spreide tankane på. Den var enkel. Fyrste timen bibelsoga, andre timen lesing i Jensens lesebok (og staving for dei minste), tridje time "Skjønskrift". So var det middag til kl. 1. Då var det først forklaring eller rekning, so diktat eller lesing og siste timen geografi eller song. Slik alle dagar anna enn laurdag som fyrr nemnt."

Men arbeidet i krinsane for å skaffe seg eigne skulehus, greip om seg. Etter at Myklebust krins på eit møte den 15/12 1884 gjorde vedtak om å byggje skulehus, utvikla det seg etterkvart ein kappestrid mellom krinsane om å byggja skulehus. Den 22/4 1885 måtte vere ein merkjedag på Ulla. På eit møte den dagen gjorde nemleg

krinsen vedtak om å byggje eige skulehus. Åtte gardbrukarar tok på seg ansvaret for bygginga av eit 10·10 alners stort hus. I tillegg kom så inngang og lærarrom. Huset skulle ikkje berre vere skulehus. Det skulle også nyttast til møter og foredrag for fiskarane i fisketida. I 1886 stod huset ferdig, og Ulla hadde endeleg fått eige skulehus. Frå 1891 vart skulen to-delt, og denne ordninga stod ved lag heilt til 1.juli 1959, då vart alle krinsane på Haramsøya regulerte til ein same skulekrins.

Kva byggjinga av eige skulehus skulle føre med seg for Ulla-bygda, hadde vel ingen av dei åtte byggjarane retteleg tenkt seg. For det første kom det lærarar i fast tilsetjing til bygda. Desse lærarane var oftast godt utdanna, og såleis påverka av åndsstraumane i tida. I 1889 fekk vi ei ny skulelov, og i 1890 ei ny lov om lærarutdanning. Både desse lovene tok i stor mon utgangspunkt i det pedagogiske grunnsynet i Grundtvig-rørsla. Den nasjonale oppsinga med vekt på soge og morsmål på heimleg grunn som hovudfag ved sida av kristendomsfaget. Dessutan vart landsmålet likestilt med bokmålet. Lova gav meir ansvar for skuleordninga til kommunen, noko som samsvara godt med venstresynet og ideen om fullt folkeleg sjølvstyre.

Lærarane vart også oppdragrarar utanom skuletida. Dei stelte seg i brodden for skiping av ungdomslag, sangkor og boksamlingar, og dei vart faste foredragshaldarar. Såleis oppseda dei ikkje berre skuleborna, men også foreldra deira. Ulla var ikkje noko unnatak i så måte. Frå 1901-1904 arbeidde det ein lærar som heitte O. Hovset i bygda. Han bringa ein ny "kultur" til Ulla.

UNGDOMSLAGET

Som sagt førde læraren O. Hovset ein ny kultur til Ulla. Først og fremst gjekk han i brodden for å skipe eit ungdomslag i bygda. Vi har vore så heldige at vi har fått hendene både i kassadagboka og møteboka til ungdomslaget. Først tek vi føre oss møteboka for å få greie på korleis det heile starta. Iboka er skipinga skildra slik:

"År 1901-27. de januar samlast Ullaungdomarne paa skulehuset foraa samtala um skipingi av eit ungdomslag for krinsen. Etter litt samroda um dette vart dei same um å velja ei nemnd, som skulde arbeida ut loger for laget. Valgt vart:

1. Johan A. Ulla
2. Sevrin Ullahamar
3. O. Hovset
4. Petrina Ullahamar
5. Johanne Remmen "

Som ein ser vart det valt ein lovkomite, og snart hadde denne lovutkasta klare. På eit møte den 3/2-1901 vart lovene vedtekne. Dessutan vart laget sitt namn bestemt til å vere "U.L. Sambandet", og etter forslag frå initiativtakaren, O. Hovset, skulle det handskrivne bladet til laget kallast "Mjølner".

Lovene slår fast kva føremålet med ungdomslaget er, og kva grunnlag arbeidet skal føregå på. Difor har vi sett litt nærmere på desse. Først ser vi på §1, som er føremålsparagrafen. Han lyder slik:

"Laget hev til fyremål aa fremja eit godt og edelt ungdomsliv, samt kveikje hugen til norsk maal, bokheim og kunst."

Dei to neste paragrafane, 2 og 3, fortel så korleis laget tenkjer gjennomføre intensjonane:

§ 2. Dette tenkjest gjort ved fyredrag, uppesnad, song, spel, samtalar, spursmaalskasse og leik.

§ 3. Kvart medlem pligtar gjera sitt til at laget kan trivast og møta verta hyggjelege og fruktberande.

Elles fastset lovene at årspengane skal vere kr 0,50 pr. person, og at styret skal bestå av seks personar. Desse skal kvart halvår seg imellom velje formann, varaformann og kasserar. Sameleis skal halvparten av styret utskiftast kvart halvår. Loddtrekning avgjer kven som skal gå ut. Seinare same året vert det vedteke at også passive medlemer kan opptakast. Desse må imidlertid betale ei krone meir i årspengar enn dei aktive. Elles har dei rett til å låne av leselaget sine bøker, rett til å vere til stades på møta, men dei pliktar ikkje å hjelpe til med underhaldninga. Dei kan ikkje veljast inn i styret, og har ikkje stemmerett ved val.

Same dagen som lovene vert vedtekne, vel forsamlinga også dei første styremedlemene. Som før sagt skal styret bestå av seks personar. Det vert så valt tre menn og tre kvinner til styret. Dette vert heretter vanleg praksis, slik at styret alltid har like mange menn som kvinner.

Korleis fungerer så kvinnene i styret? Første formannen i laget vert sjølvsgart lærar Hovset, men Hanna Ulla vert første kasseran i laget. I åra som følgjer er det vanleg at kvinner påtek seg denne oppgåva, medan det er menn som er formenn. Men likevel, alt i 1908 vel laget den første kvinnelege formannen. Det er imidlertid ikkje så lett å bryte med vanetenkjing og tradisjonar, så forkvinna nekta å ta på seg vervet. Difor tek nestformannen hennar plass og Petrina A. Ulla hans. Men så endeleg, fem år etter dette modige forsøket, i 1913 vert Helga Ullahammer vald til formann, og ho tek jobben. Etter denne tid er formannsvervet likeleg fordelt mellom menn og kvinner. Kvinnene oppnådde såleis tidleg likestilling på Ulla. Kanskje er ein av grunnane til dette at mennene ein stor del av året var opptekne med fiskeriet, og nokon måtte ta seg av oppgåvane heime.

Kva er det så som går føre seg på medlemsmøta til laget? For å få vite meir om det, må vi bla i møteboka att. Den 16. februar skipingsåret gjekk dette føre seg:

"Song uppesnad, tevling um bruken av tobak og innimillom stundene litt leik."

Og om lag ein månad seinare:

"Song, deklamation, tevling - emne: utvandringi, leik m.m."

Leselaget som alt er nemnt, høyrer også inn under ungdomslaget. Pengar til innkjøp av bøker skaffast gjennom arrangement av

basarar, og dessutan gjemmo straffepengar om dei som låner bøker ikkje held tidsfristen. Dei første bøkene som blir innkjøpte, ber preg av at norskdomen rår i tida:

- | | |
|--------------------------------------|------------------------------------|
| I. Firstemmige sange av
Moe + Thu | 9. Garborg: Læraren |
| 2. Ibsen: Kongsmennene | 10. " : Haugtussa |
| 3. " : Gildet paa Solhaug | II. " : Den burtkomne fader-
en |
| 4. " : Hærmendene | 12. Tvedt: Madli und apallen |
| 5. " : Gjengangere | 13. " : Ramnagrå |
| 6. Lie : Faste Forland | 14. Dahl: Den forlorne søn |
| 7. " : Lodsens + hans hustru | 15. Rolfsen: Vore fedres liv |
| 8. Visti: Solvending. | 16. Bjørnson: Laboremus |

Seinare blir fleire bøker innkjøpte, og etter 1903 er det vanleg at Ulla folkebogsamling søker og får stønadsbidrag både frå staten og heredet. Dette året har laget til saman 34 bøker, og berre ei av desse er berre ei forfatta av ein utlending, nemleg "Den hemlighetsfulle ø" av J. Werne. Folket på Ulla skulle sanneleg oppfostrast til gode og "norske" innbyggjarar.

Av lagsboka går det elles fram at den vanlege aktiviteten på medlemsmøta er "song, soga, uppesnad og leik." Med ordet "soga" forstår vi forteljing av historier frå norrøn tid. Som døme kan nemnast forteljingane om "Ravn den fredlause" og om "Håvard Isfjording". Sjømannsskrøner er også populære. Songen utviklar seg frå å vere einstemt den første tida, til å verte fleirstemt. Etter kvart får laget og bygda eit fast songkor som underheld på festane.

På møta er det ofte diskusjon. Laget skaffar ein innleiar som greier ut om diskusjomsemnet, og etter at han er ferdig, er ordet fritt. Ofte går replikkvekslinga friskt, og det er ikkje så rart, om vi ser litt mærare på emna for ordskiftet. Vi har teke eit utval, og her er nokre døme:

- Kven kan gjera heimen mest hugnadsam av mann og kona?
- Kvendesaki (dette emnet måtte opp to gonger fordi det fengjer så sterkt)
- Ungdomsarbeidet og Ungdomsfornøyelser
- Tidsfordriv og avislesing

Som ein ser er dei emna som fengde på byrjinga av 1900-

talet, ikkje nett ulike dei emna som er brennaktuelle også i våre dagar. Kvinneskak og ungdomsproblem er tema som fengjer.

Foredrag er også ein fast programpost på dei fleste av laget sine tilskipingar. Og det er ikkje kva som helst det vert halde foredrag om. Emna skiftar, og Ulla-ungdommane får vite om "Henrik Wergelands ungdom og diktning", "Um Garborgs diktning", "Um kulturstriden mellom Wergeland og Velhaven" og om vår union med Sverige. I krigstida er det naturleg å få greie på "Kvifor det er krig". Vidare er det foredrag både om Irland og om Tyskland, med lysbileter til det første. Elles vert det forelest "om notid og fortid", og "Om arbeidshug og arbeidsglede. Ut over i 1920-åra vert det sjølvsagt halde foredrag om "Avhaldssaki", og når turberkulosen byrjar herje, blir denne sjukdomen teken opp som emne i eit eige foredrag.

På kvart medlemsmøte er det opplesing frå "Mjølner", laget sitt handskrivne blad. Dette bladet går på omgang mellom medlemene, og det er såleis kvar sin gong å syte for at det blir skrive i og lese opp frå bladet.

Første rettlege festen i "U.L. Sambandet" sin regi går av stabelen påska 1902. Korleis denne artar seg, får vi vite om vi les i møteboka. Der står det:

"Andre paaskedagen byrja festen kl. 6 efm., med nokre velkomstar af formannen. Deretter foredrag af lærar Hovset um: Henrik Ibsen.

- Song og opplesnad
- Felespel av Sevrin Ulla og song av Olefine Brunevold.
- Upplesing og song av ymse slag.
- Foredrag av A. Sunderland.
- Tilstlutt litevetta leik fyrr ungdomen.

Såleis gjekk altså første festen til laget føre seg. Men det er ikkje berre festar laget skipar til. Basarar i laget sin regi er også vanleg. Dei første tjue åra går inntekta til innkjøp av nye bøker, men etter 1920 er det eit eige hus laget arbeider for, og derfor går alle inntekter etter dette året til det tenkte huset. Basarane er fest for folket på Ulla, og alle er med, både unge og gamle. Først må gevinstane dels lagast og dels kjøpast, og så kan alle møtast på skulehuset for å kjøpe lodd, ta nummer, drikke kaffe, sladre og frette nytt. Kort sagt går folket på basar for å kople av frå det daglege slit og for å more seg litt. I 1906 vert det skrive dette om ein basar i lagsboka:

"Der vart gjeve av ungdomen paa basaren ein løpar,
to smaaputer og ein lakenbaard, ein "gullring",

ein vase, eit skrivestell. Desse vart det teke nummer på. Nokre eple vart auktionerte. Attaat song og opplesnad. De innkomne penge benyttes til indkjøb av bøger."

Nokre år seinare, i 1920, held laget basar til inntekt for det påtenkte ungdomshuset. Den tilskipinga går av stabelen slik:

"Song, nokre velkomstord av formannen, som og las upp eit stykkje. (Diverre vart me så dugeleg narra med omsyn til foredragshaldaren. Han kjem antakeleg neste sundag.) So las Astrid Alme opp eit stykkje og so song me ein song. Deretter spela "spelflokken" upp til eit par nummer. Og so fekk me "Mjølner" (bladst. Kristina H. Ulla) som var rektig god. So byrja me med nummertaking. Den gjekk nokså kvikt, og endaa kvikkare vart det naar "spelflokken" spela igjen, og so las Johan Kristoffersen upp ei skrøne av Martin Kvænnavik. So hadde me matykt. Og deretter trekte me, og som det alltid gjeng, dei heldige vann. So takka formannen fordi alle hadde vore so glupe aa ta nr. og fordi dei kom endaa talaren ikkje var der. So sang me "Gud signe vaart dyre fedreland". Og so spela "spelflokken" opp til leik. Leiken heldt paa ei stund utsyver. I eit halv totidi fekk leikarane mat og kaffi. "

Det er tradisjon i "U.L. Samhandet" at laget kvart år skippar til årsfest rundt juletider. Denne festen er eit av året sine høgdepunkt for Ulla-folket. Då møtest alle på skulen for å høyre på "spelflokken", for å sjå amatørteater og mest av alt for å slappe av i hyggeleg samvære. medan dei fleste eldre går heim etter programmet er over, stansar dei unge att for å leike, eller danse som vi seier i våre dagar. I 1905 gjekk festen slik føre seg:

"Festen byrja med at formannen ba folket velkomne og saa sang man "Gud signe vaart dyre fedreland!" Derefter helt presten Moe foredrag over emnet "hvorledes skal den unge bevare sin sti ren." Efterpaa var det skiftevis flerstemmig sang og opplesning af forskjellig slags. Tilslut litegrand leik for ungdommen."

Men utviklinga går framover, og med åra vert festen meir omfattande, og skildringa i lagsboka vert også meir detaljert. I referatet frå årsfesten som vart halden jula 1917, står det at songkoret song nokre nummer, og elles er sjølvsagt "spelflokken" med no. Dersom vi så hoppar tii år framover til årsfesten som vart halden nyttåret 1928, så står denne festen slik skildra i lagsboka:

"Festtale av sokneprest Tafjord som snakte um joli og dens betydning, og vidare heldt han fram um dei modreande skikkar i tale og gjerming, og kor vidt det samavarar med Guds ord. Song av songkoret. Det handskrivne lagsbladet, som var styrt av Astrid Ulla. Matykt, upplesnad song av songkoret, spelstykket "Mormonaren" vart framsynt, og fekk stort bifall. Upplesnad og song, den offisielle fest slutt. Men ungdomen og dei interesserte heldt fram å song og leika til dei vart svoltne, og fekk mat enndå ein gong, og sidan heldt dei på ei stund endå, mest til det var for skikkelegt folk uppstodmond, og alle var glade og tilfreds. Snipp, snapp, snute, so var den festen ute. Men um kvelden var det atter fest med kaffe og varme hjørter og samroda um rette jolefesten som no vel var over."

I7. mai er også festdag, og det hender at ungdomslaget også tek seg av programmet for denne høgtidsdagen. Elles hender det at jentene i laget skipar til fest for gutane og så neste gong gutane for jentene. På slike festar går det på varm sjokolade og kaffe med mykje god mat til. Ja, maten errså god at "ein kunde eta seg snødt sjuk" som det står i eit referat frå ein fest jentene skipar til.

Som ein ser av referata frå møteboka, så er alle festar ungdomslaget på Ulla skipar til todelte. Først er det eit seriøst program som vert framført. Dette programmet er slik samansett at det finst noko for einkvar smak, og difor samlast både dei unge og dei eldre til felles hygge. Først etter at dette programmet er unnagjort, startar dei unge med leiken eller dansen. Såleis er "U:L.Sambandet" med på å samle heile Ulla-bygda saman til ei gruppe, der unge og eldre er to klart skilde flokkar. På Ulla fungerer ungdomslaget som eit samband mellom dei ulikskapane som kan finnast i bygda. Ungdomslaget er noko alle kan samle seg om og arbeide for.

No gjekk det nok ikkje slik med "U.L. Sambandet" som grunnleggjarane hadde tenkt seg. Heller ikkje kom laget så langt at det kunne byrje å byggje på huset sitt. Etter 1935 er det ikkje skrive noko i møteboka til laget, og etter 1937 finn vi heller ikkje rekneskap som er førd. Dei pengane lagsmedlemene så ivrig hadde skrapa saman gjennom basarar og andre arrangement, vart til slutt hytta som innskot i det nye samfunnshuset på Austnes. Folkeboksamlinga sine bøker tok også same vegen, nemleg til folkeboksamlinga på Austnes, som rett nok er boksamling for heile øya.

Kva er så grunnen til denne utviklinga? Ulla var på den tida ungdomslaget vart skipa ei typisk fiske- og jordbruksbygd. Rundt århundreskiftet kom dei første motorbåtane til Ulla, og dette skulle etter kvart føre til at bygda miste sin sentrale posisjon i fisket. Det vart vanleg å gå til Ålesund og levere fisken direkte utan sjølv å tilberede han først. I 1910 starta også dei første mjølkerutene med dampskip på Nordøyane, og etter at Sunnmøre Meieri vart skipa åtte år seinare, leverte Ulla-bondene mjølka si dit. Når bondene og fiskarane ikkje lenger i så stor grad som før foredlar råvarene sine sjølve, så trengst det heller ikkje så mykje arbeidskraft som før. Dei unge må ut for å finne seg arbeid, og folketalet i bygda går dermed ned. Med dei unge forsvinn også drivkrafta til ungdomslaget.

OPPSUMMERING.

Som avslutning på denne særøppgåva vil vi ta utgangspunkt i eit foredrag halde av dosent Peter Sjøholt ved NHH i Bergen. Foredraget heldt han på Haram Kulturhistoriske lag sitt seminar sommaren 1975. Han konstaterte at etter krigen har det foregått eit hamskifte i lokalsamfunna her i landet. For Sunnmøre sitt vedkomande var det for 100 år sidan berre ein tettstad på 255 innbyggjarar utanom Ålesund, nemleg Sjøholt. I 1900 var det framleis berre 4 slike tettstader. Volda, Ørsta og Ulsteinvik var komne i tillegg. Desse tettstadene hadde då ca. 2000 av nærmare 60000 innbyggjarar. I 1970 var det 22 tettstader med vel 30000 innbyggjarar, vel 40 %.

På landsbasis verkar desse endringane lite dramatiske. På kommunenivå vert dei straks meir interessante og påtrengjande. Men mest alarmerande verkar endringane når ein tek for seg bygdelaga og dei einskilde gardane. For å illustrere dette tok han Stranda kommune som døme. Kommunen kan delast i 4 bygdelag: Liabygda, Stranda, Geiranger og Sunnylven. I tida 1910-75 har folketalet i kommunen auka frå 3200 til 4900 mest pga. industrien. Men ser vi på dei einskilde bygdelaga blir biletet annleis. I Liabygda har folketalet vore stabilt, Stranda har vokst sterkt, medan Sunnylven og Geiranger har gått sterkt tilbake. For Sunnylven sitt vedkomande ein nedgang frå 1130 til 540 innbyggjarar. Altså har sjølv ei slik lita vekst-kommune fråflyttingsproblem. I tillegg har Sunnylven og Geiranger fått ei funksjonsendring. Dei er blitt kjende med turisme og pendling. Dei to andre bygdelaga har og sjølv sagt hatt ei ~~ikkje~~ funksjonsendring. Industrien og servicenæringane har vokse.

Sjøholt prøver å finne årsakene til denne utviklinga. Den gamle grenda var for det første vanlegvis kjenneteikna av fleire folk enn i dag., alt etter kva grend ein tek seg føre å undersøkje. For det andre var det større heilskap i arbeidssituasjonen, produksjon og forbruk. Med andre ord var ho prega av integrasjon (allsidig drift) i staden for spesialisering, og større samvirke i staden for konkurransen. Ikkje berre organiseringa av arbeidet på sjø og land, men og tilhøvet mellom grannar måtte ta farge av dette. Utan å leggje verdimål på situasjonen, for alt var ikkje berre idyll då heller, gav dette rett nok liten produktivitet og lav velstand, jamvel om denne kunne variere. Ei av dei viktigaste forklaringane på ~~denne~~ urbaniseringa er den aukande spesialiseringa og rasjonaliseringa. Mest spesialisert vert garden, den som før var den mest integrerte eininga. Dess meir produktiv og velordna vi søker å gjere heile vår verksemد, ikkje minst innan jordbruket, dess mindre funksjonsudyktige vert dei mindre lokalsamfunna som

lokalsamfunn. Med andre ord skjer det ei utarming midt i velstanden. Dette råkar særleg sterkt Utkantnoreg utanfor tettstadene.

For mange slike bygdelag er folkesetnaden i ferd med å tynnast ut i den grad at det sosiale ikkje kan fungere lenger. Det hjelper lite på trivselen og framtidsutsiktene i ei bygd med til dømes tilskiping av få og store gardsbruk utan sosialt liv. Utan å kunne utvikle eit differensiert og integrert næringsliv vil slike lokalsamfunn få vanskar med å overleva. Situasjonen er alvorleg i Bygdenoreg i dag. I tida 1968-74 har einaste daglegvaretilbodet (landhandelen) vorte nedlagd i 200 lokalsamfunn, og skræmande ~~xx~~ mange er på veg ned mot den minimale folkemengda som gjer dei mest elementære servicetilboda lønsame. Difor må vi vere på vakt, seier Peter Sjøholt, For når eit lokalsamfunn først har døydd ut, er det ~~xxx~~ svært vanskelegg å vekkje til live att.

Korleis stemmer Peter Sjøholt sine synspunkt med utviklinga i lokalsamfunnet Ulla?

Haram kommune er ei kommune i vekst. Sterkast har veksten vore i senteret Brattvåg. Ser vi derimot på Haramsøya, finn vi stagnasjon og tilbakegang. Folketalet på Haramsøya har gått ein del tilbake sidan byrjinga av 1960 åra då det var på topp med omlag 1000 innbyggjarar. No er det noko over 800. I tettstaden Austnes har folketalet halde seg. Nedgangen har vore mest markert på Haram, Åkre, Myskja og Ulla. På Austnes finn vi industri, bank, doktor, tannlege, el - verk, butikkar, ferjekai, skule, bilverkstad, bensinstasjon, post, kyrkje, fraktebåtar, fiskarar, sjøfolk, pendlarar og pensjonistar. To snurparar og 3 - 4 fiskebåtar høyrer også heime her. Det er vel heller ikkje verdt å gløyme dyrlegen og eit bygningsfirma, eit lastebil og eit busselskap og kafe- og pensjonat. Dei andre stadene har utelukkande gardsbruk og småfiske, med unntak av Haram som har møbelfabrikk, landhandel og gravemaskiner. Mesteparten av lagsaktiviteten er felles for heile øya. Men Haram har klart å halde liv i eige ungdomslag. Øya har felles skule - barne og ungdomsskule. Gjennomsnittsalderen er høgst i bygdelaga utanom Austnes. Talet på pendlarar har auka. Av ungdommane som veks opp på øya er det mange fleire som flyttar ut enn som slår seg ned på heimstaden sin. Ein kan faktisk seie at etter krigen har øya hatt kvalifisert arbeidskraft som ein av dei største "eksportartiklane". Det er ikkje få øyinger som har sett sparepengane sine i utdanning for borna sine. Ferdig utdanna er det få som kjem attende.

På Ulla derimot er utviklinga komen mykje lengre i negativ lei. Folketalet har minka mykje. Samanliknar vi med sjeleregisteret til sokneprest Abelseth, finn vi at det budde fleire folk her i slutten av 1700 talet enn no. Og det var før det kom fastbuande til Ullahammaren. Den gongen var det 59 personar på Ulla. I dag er det ikkje

meir enn 30. Berre 4 av desse er i skulepliktig alder, og 3 av dei er avgangselevar. 16 personar bur i Ullagarden og 14 i Ullahammaren. I Ullagarden er 12 yrkesaktive. Dei er alle bønder. Berre på ein av gardane er folket under 50 år. I tillegg kjem 2 born og 2 pensjonistar. I Ullahammaren er berre 5 yrkesaktive. 1 pendlar, 2 fiskarar og 2 husmødre. 2 personar er i skulepliktig alder; resten er pensjonistar.

Som vi har peika på før har fiske og jordbruk alltid vore hovud-næringsgrunnlaget på Ulla. I desse yrka har det gått føre seg ei utstrakt spesialisering og rasjonalisering. For fisket på Ulla har dette ført til at det nærmast har døydd ut. Kun 2 personar har fiske som hovudnæring i dag, og ein av dei er med ein båt frå Austnes. Dette har ført til at Ullahammaren er blitt mykje fråflytta. Svært mange hus der blir no einast nytta som feriehus for utflytta Ulla-folk.

For Ullagardane har ikkje utviklinga vore så katastrofal. Men ein gard blir ikkje driven av eigarane no. Det er naboane som har drifta av jorda. Ettersom folket på andre gardar når pensjonsalderen, er det mykje som talar for at det går sameleis der. Det er ikkje så heilt utruleg at om ikkje mange år kan det vere berre 3 av dei opprinnelige 8 gardane som er i drift, og at jorda blir driven av dei andre. Utviklinga i jordbruket har då og gått i den leia at det krevst fleire og fleire dyr for å halde lønsemda oppe. Fleire dyr krev meir for og dermed meir areal. Skal kvar gard drivast av berre ein eller to personar, krevst det meir rasjonalisering av arbeidet.

Då er det og rimeleg å hevde at det skjer ei utarming midt i velstanden. Så bakvendt det en høyrest ut fører produktivitet til utarming. Denne utarminga blir mest følt sosialt. Bygda sluttar å fungere som bygd. Alt før krigen vart ungdomslag og songkor nedlagt på Ulla. I 1960 var det ikkje lenger grunnlag for skulen. Borna måtte reise med skulerute til sentralskulen på Austnes. Litt lenger heldt landhandelen seg, men så vart grunnlaget borte for han og. Dette var miljøfaktorar som verkeleg betydde noko for bygda.

Er det så noko framtid for denne bygda? Situasjonen er betre for Ulla enn for mange andre utkantbygder. Det er berre 6,5 km til Austnes, ein overkomeleg distanse i dag med privatbilar og bussruter. Difor skal det kunne gå an å bu på Ulla og trivast der. Spørsmålet er berre om nokon av dei som har slått seg ned andre stader kjem att for å ta over jorda etter foreldra sine når den tida kjem. Ullahammaren vil nok halde fram med å utvikle seg til å bli ein feriekoloni.

Men til sjuande og sist er spørsmålet om busetnad på Ulla nært knytta til utviklinga på øyane generelt, og ikkje minst er framtida avhengig av utviklinga i jordbruk og fiske. Til i dag har utviklinga gått frå utkant (avhengig av jordbruk og fiske) til sentrum, og fråflyttinga har gått raskt. Dette er politiske problem som ~~ikkje~~ kan løysast ~~xx~~ med den politiske kurser som er blitt halden fram til i dag.

PEDAGOGISK DEL:

Vi tenkjer oss at opplegget skal kunne gjennomførast frå og med sjette klasse i barneskulen og i heile ungdomsskulen. Det vi vil leggje vekt på, er at ein ved gjennomgåinga av opplegget får fram korleis folk levde på 1800-talet. Viktig er det å anskueleggjere for borna at menneska og dyra verkeleg levde i nær tilknyting til kvarandre og i harmoni med einannan. Born, foreldre og besteforeldre var ikkje skilde frå kvarandre slik som i våre dagar. Nei, dei gamle tok seg av borna og alt lettare handverk og husarbeid, medan foreldra var den eigentlege produktive parten. I våre dagar gjer vi borna og dei gamle framande for kvarandre ved å plasere dei på kvar sin institusjon.

Dyra var også som ein del av storfamilien. Menneska var avhengige av det dyra produserte og gav i naturalia for å kunne leve bra. Dessutan var driftsbygninga bygd så nært våningshuset at menneska og dyra levde i nær kontakt heile døgeret, og ikkje berre i mjølketida.

Kårordninga, den tidas alderstrygd, må også gjennomgåast. På Ulla var det ikkje vanleg at gardane hadde eigne kårstover, men likevel måtte sonen inngå kontrakt om "kår" før han kunne overta garden frå faren.

Det sosiale livet på garden må også gjennomgåast, og leggjast stor vekt på Samstundes som familien hadde god kontakt innbyrdes generasjonane imellom, hadde han også god kontakt med nabofamiliane. Alle kjende alle, og om noko stod på, var det ikkje vanskeleg å få hjelp. Sjølvsagt kunne det hende at nokon vart usamde, slik som no, men dei vart fort samde att. Det gjekk ganske enkelt ikkje an å leve vegg i vegg som evige uvener. Den komprimerte bostrukturen i grenda fekk også menneska til å føle seg som ein stor familie, der alle følte ansvar for kvarandre.

For betre å anskueleggjere korleis dette samfunnet fungerte, må vi samanlikne det med vårt eige moderne samfunn. Vi må stille spørsmål om korleis vi lever, korleis vi handsamar dei gamle. Vidare må vi sjå på korleis bøndene driv gardsbruk i vår tid. Foredlar dei råvarene sine sjølv, slik folket i Ulla-garden gjorde, eller sender dei råvarene vekk og får ferdige produkt att i staden?

Vi har ikkje sett opp noko detaljert pedagogisk opplegg, men har i staden laga eit enkelt skjelett over eit opplegg om "Den gamle garden", med bakgrunn i det vi har skrive i oppgåva og dei kjeldemateriale vi har. Vi har laga berre eit skjelett fordi vi meiner at opplegget

vil variere fra klassesteg til klassesteg. Vidare stiller vi den ein-skilde læraren friare med omsyn til kor mykje han vil ta med i opplegget og kor lang tid han vil nytte til å gjennomføre det. Vi tenkjer oss emnet "Den gamle grenda" gjennomført slik, med hovudvekt på tre underemner:

I. BOSTRUKTUREN

- våningshus
 - stabbur
 - torvsjå
 - løe
- Dei husa som tilhørde ein gard i Ulla-grenda.

2.

DAGLEGE GJEREMÅL

- gardsarbeid
- husarbeid
- foredling av råvarer

3. SOSIALT LIV

- i arbeid og i fritid
- borna
- dei gamle

KONTRAST: Samanlikne med korleis folk lever i våre dagar. (Mobilitet kontra stabilitet)

Formingsfaget kjem inn i opplegget ved gjennomgåinga av under-emnet "Bostruktur". Vi tenkjer oss at elevane i fellesskap byggjer eim modell av "Den gamle grenda". Som utgangspunkt for modellen nyttar vi jordskiftekartet, biletet og til materiale til dømes isopor. Ved å bygga eim modell sjølve, kan elevane lettare få eit korrekt inntrykk av korleis botilhøva var for folket på den tida, og dermed også lettare forstå korleis det sosiale livet arta seg.

KJELDER:

Haram Bygdebok

Intervju med Sevrin G. Ulla og Ole Ullahammar

Eilert Sundt: Harham

Karl Rogne: Minne og meininger.

Lagsbøkene til U.L. "Sambandet" , Ulla

Jubileumsskrift Sunnmøre Meieri

Avisartiklar

Utskrifter fra Statsarkivet i Trondheim.

Jordskiftekart

Modellar av Ullanausta og Det gamle Ullatunet.

Utskrifter fra hovedbok fra Ullahammaren 1880.